

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	02.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/67200-7
<b>Dykkar referanse</b>	22/1694
<b>Sakshandsamar</b>	Liz Eva Tøllefsen
<b>E-post</b>	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## Fråsegn til offentlig ettersyn av planprogrammet til kommuneplanens arealdel - Alver kommune

Vi viser til brev datert 21.6.2022 om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel for Alver med planprogram. Fylkeskommunen fekk utsett frist til 22. september for å gje fråsegn i saka. Vi viser også til referat frå Regionalt planforum 26.4.2022 der utkast til planprogram var tema.

Alver kommune har nyleg vedtatt ny samfunnsdel, og denne ligg til grunn for arbeidet med arealdelen av kommuneplanen som no vert starta opp. Samfunnsdelen, 2022-2034, inkluderer mellom anna prinsipp for arealdelen, som ligg ved utkast til planprogram for arealdelen. Arealdelen er avgjerande for realisering av samfunnsdelen og måla som er sett der, og skal vere grunnlaget for korleis Alver kommune forvaltar areala sine. Arealdelen skal vere styrande for planar og tiltak etter plan- og bygningslova, og eit effektivt styringsverktøy for politikarar og administrasjon.

Vestland fylkeskommune vurderer melding om oppstart og planprogram ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Planfaglege innspel

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel er strukturert og tydeleg, og ber preg av å vere eit godt gjennomarbeid dokument. Vårt generelle inntrykk er at både prosess og innhald er godt forankra og vi ser ein god kopling til samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal, med sine mål og strategiar, danne utgangspunktet for dei arealretta føringane KPA vil gje. Kommunen gjorde eit godt arbeid med utarbeiding av arealstrategiar i samband med samfunnsdelen, og dette skal no implementerast.

#### Regionale rammer og føringar

Regionale planar skal leggjast til grunn for planarbeid i kommunane. Aktuelle regionale planar vert tatt opp under dei ulike tema i fråsegna. Om planframlegget bryt vesentleg mot målsettingar i regionale planar, kan dette gi grunnlag for at fylkeskommunen fremjar motsegn til planframlegget.

I regional planstrategi for Vestland fylkeskommune 2020-2024; *Utviklingsplan for Vestland*, er visjonen at fylket skal vere berekraftig og nyskapande. Planstrategien seier at vi skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region der dei 17 berekraftsmåla til FN ligg til grunn, basert på dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Planprogrammet for KPA Alver kommune speglar Vestland sine visjonar og utviklingsmål gjennom å ha fokus på mellom anna næringsutvikling, kultur og senterutvikling. Men det er vektinga av formåla i planen opp mot

parametre som sosial og klimamessig konsekvens/effekt, som vil gje oss reiskap for å vurdere om planen reelt sett vert berekraftig.

Planprogrammet har tydelege prinsipp knytt til arealforvaltning, som enkeltforslag kan vert målt opp mot. Prinsippa vil kunne bidra til balansert vurdering og vektning av dei ulike formåla/tiltaka som skal behandlast i prosessen. Kommunen har i mindre grad omtalt klimautfordringa eller tilpassing som følge av klimaendringar som tema, legg likevel opp til ein del gode prinsipp som vil vere viktige i for å møte desse utfordringane framover.

### Folkehelse

Kommunen skal i tråd med folkehelselova ha ei folkehelseoversikt som skal ligge til grunn for planarbeidet. Det er viktig å vurdere kva bustadbehov ein har i kommunen, og korleis arealdelen skal legges til rette for gode bustadar og bu-miljø for den venta demografiske utviklinga i kommunen. Som ein del av dette bør ein kartlegge det bustadsosiale behovet i kommunen, og legge føringar for korleis kommunen skal tilby gode bustadar og bu-miljø for individ og familiar med spesielle bustadbehov. Ein bør nytte føresegner i planen for å sikre tilgjengelege areal og at bustadsosiale behov vert godt teke i vare gjennom realisering av nye utbyggingsområde. I eit folkehelseperspektiv er det vidare viktig å utvikle nærmiljø som legg til rette og oppmuntrar til ein aktiv kvardag, der innbyggjarane kan gå eller sykle til sine daglege gjeremål, og har ei høg deltaking i arenaer i nærmiljøet. Slik tilrettelegging i lokalsamfunnet er viktig for å bidra til eit samfunn der menneske i alle aldrar kan leve gode liv i sitt nærmiljø. Sjå meir i [Regional plan for folkehelse](#).

Planlagt utvikling av kommunens bygdesenter følgjer i stor grad nærleikprisippet, noko som blant anna er viktig for sosial inkludering og generasjonsmøter. Funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal samlast i kommunesentera (regionalsenter, lokalsenter og nærsenter). Dette vil leggje til rette for gode møteplassar og at fleire kan gå og sykle. I tillegg vil det enklare kunne etablerast betre kollektivtransport til og frå kommunesentra og til Bergen.

### Medverknad

Kommunen skal sikre aktiv medverknad frå grupper som krev særskilt tilrettelegging. Dette kan vera personar med nedsett funksjonsevne, eldre, barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal få gode moglegheiter for medverknad på anna måte. Alver kommune gjennomførte ein omfattande medverknadsprosess i arbeidet med KPS, og rapportane vil vere viktige i arbeidet med KPA. I tillegg er det svært positivt at Alver planlegg for ein grundig medverknadsprosess i det vidare arbeidet. Dei har gjort reie for korleis dei skal involvere innbyggjarane og korleis innspela skal nyttast og summerast opp til ein rapport. Dette er veldig bra.

### Universell utforming

Universell utforming er utforming av produkt, informasjon, tenester og omgjevnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske i så stor grad som mogleg, utan behov for tilpassing eller ei spesiell utforming. Universell utforming vert ofte omtala som tilgjenge for alle. Bygningar og uteområde tilrettelagt for personar med funksjonsnedsetting fungerer også godt for alle andre.

Universell utforming er lagt inn som kvalitetskrav ved utbygging av nye, større bustadområdet i Alver kommune. I tillegg til bustad, bør ein vurdere universell utforming knytt til sentrumsutvikling, friluftsområde og mobilitet.

### Barn og unge sine interesser

Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal ivaretakast i planlegginga, dette er del av plan- og bygningslova sin formålsparagraf. Vi viser og til [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#). Ansvar for barn og unge heng nøye saman med vårt arbeid for gode bumiljø, folkehelse og universell utforming. Det er også viktig korleis vi planlegg transportsystemet vårt, slik at barn kan ferdast trygt til og frå skule og aktivitetar i nærmiljøet sitt. Eit viktig verktøy for kommunane er å kartlegge barnetrakk, og gjere informasjonen tilgjengeleg for alle som lagar arealplanar. Sjå meir informasjon på: [barnetrakk.no](http://barnetrakk.no).

Det er bra at Alver kommune har inkludert folkehelse og oppvekstvilkår i lista over tema som skal handsamast i konsekvensutgreiinga. Dei visar til regional plan for folkehelse og bustadsosial handlingsplan som kjelder som blir lagt til grunn for KU. Her vil det vere meir føremålstenleg å leggje kommunen sitt oversiktsarbeid ( for eksempel folkehelseoversikt og løpnde oversikt) til grunn i arbeidet.

## Klima og energi

I *status for gjeldande område- og reguleringsplanar* ber vi kommunen inkludere om omsynet til eit klima i endring fører til at ein bør oppheve eller revidere gjeldande planar jf. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Vi oppmodar kommunen om å vurdere å inkludere naturbaserte løysingar i arealdelen, som eit premiss for reguleringsplanar. I tillegg er det føremålstenleg å inkludere ei kartlegging av viktige økosystem som ein del av naturmangfaldkartlegginga. Dette for å ha ei oversikt over areal som allereie har ein regulerande klimaeffekt og er viktig for det biologiske mangfaldet.

Vidare oppmodar vi om at kommunen ser på kva prinsipp for klimatilpassing som bør ligge til grunn for reguleringsplanar i kommunen. Her vil til dømes føresegner knytt til handsaming av overvatn eller bevaring av karbonrike areal vere aktuelt. I tillegg bør ein inkludere premiss for reduksjon av klimagassutslepp, som til dømes del av parkeringsplassar som skal ha ladeinfrastruktur, eller krav til energi- og materialbruk.

## Alver kommune som del av Nordhordland biosfæreområde

### *Landbruk og jordvern*

Vi treng dyrka og dyrkbar jord for å sikre matforsyning på lang sikt. Vi bør derfor i størst mogleg grad unngå å byggje vegar, bustader og industribygg på dyrka mark. Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre føremål. Framtida sine utfordringar krev ein heilskapleg jordvernstrategi. Vi saknar omtale av kva det betyr for jordvernet at delar av Alver kommune er innlemma i Nordhordland biosfæreområde. Andre områder med denne statusen, til dømes i Östra Vätterbranterna biosfæreområde i Sverige, har kommunar lagt ned forbod mot å byggje ned meir landbruksareal innanfor biosfæreområdet.

Alver er ein stor landbrukskommune og landbruksnæringa er arealkrevjande. Landbruk bidreg til sysselsetjing og verdiskaping. Det er ei viktig målsetjing å oppretthalde landbruk og landbruksareal i kommunen.

Ein strategi som kommunen skal vurdere i planarbeidet er å opne for å bygge hus nr. 2 og 3 på garden. Vi meiner det vil vere uheldig å opne for dette som ein generell praksis. Det bør her vere same vurdering av kvalitetskrav som ligg til grunn for buområde som i andre delar av kommunen. Der er krevjande å vurdere konsekvensane av ei spreidd utbygging på eit overordna nivå som arealdelen er. Det må i så fall følgjast opp med strenge kvalitetskrav gjennom føresegner. Difor er det positivt at de i temaplanen skriv at KPA skal søke å unngå nedbygging/infiltrasjon av jordbruksareala.

Når det gjeld potensiale for ytterlegare verdiskaping innan denne næringa er det positivt at småskala næringsutvikling knytt til landbruk er eit tema som vil verte vurdert i det vidare planarbeidet. Vi vil peike på at føremål som areal til parsellhagar, tretopphytter og småskala næringsutvikling mm. kan bli eit bilbasert konsept som må utgreiast og planleggast godt. Kommunen bør vurdere behovet for å stille plankrav til dei einskilde føremåla.

Det skal vurderast areal for mottak av massar til jordforbetring. Med den forventa utbygginga som skjer i Alver kommune er det viktig å vurdere relevante områder for deponi slik at ein oppnår ei god samfunnsnytte av overskotsmassar. Vi meiner kommunen må tydeleg skilje på kva tiltak som er forbetring av jordbruksareal og kva som vert definert som deponi etter plan og bygningslova. Når areal vert avsett til mottak av massar vil det vere behov for å sjå på tilkomstveg, avkøyrsløse, forhold til skuleveg og andre forhold som vedkjem trafikktryggleiken, og om tiltaket utløyser plankrav. Viser og til pågåande arbeid med temaplan landbruk for Vestland som er under arbeid hjå oss i haust.

### *Naturmangfald*

Arealbruk er den største trusselen mot naturmangfald, og langsiktig vern og forvaltning av LNF-område bør difor sjåast som eit viktig bidrag i arbeidet med å hindre tap av naturtypar og artar. Dette arbeidet må og inkludera å vurdere behov for å verne viktige naturtypar, mellom anna strandlinje og myr. For å unngå å øydelegge naturmangfaldet i samband med endring i arealbruken,

er kommunen avhengig av å ha kunnskap om naturverdiane. Eventuelle restriksjonar på utbygging og andre aktivitetar er "tilpassa" dei ulike artane sine biotopkrav og toleransar overfor menneskelege påverknader. Det må takast eit særleg omsyn til desse førekomstane i kommuneplanen, og i nokre tilfelle vil det vere naturleg å markere desse som omsynssone (PBL § 11-8). Tek ein vare på leveområda vil ein også berge artsmangfaldet. For å redusere tap av artsmangfald vil det vere viktig at det vert sett av naturprega areal slik at artar og naturtypar kan utvikle seg naturleg.

#### *Friluftsliv*

På [Fylkesatlas.no](https://fylkesatlas.no) finn ein oversikt over nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde i Alver kommune. Tilgang til å bruke og besøke naturen er viktig for menneske i alle aldrar, og det finns mange måtar å utøve friluftsliv på. Innbyggjarar og besøkande som er ved god helse kan gå lengre turar i naturen. For å oppretthalde moglegheita for denne type friluftsliv er det viktig å verne dei store og samanhengande naturområda, og å halde desse områda så fri for inngrep som mogleg. For småbarnsfamiliar og eldre er moglegheita til nærfriluftsliv spesielt viktig, dette gjer det viktig å verne også små naturområde som ligg tett på der folk bur. Grøne korridorar og turveggar som gjer det mogleg å gå «i det grønne» på veg til barnehage, skule eller andre daglege gjeremål kan og ha spesielt stor betydning for denne innbyggargruppa.

Arealdelen bør syte for at område med verdi for friluftsliv vert teke i vare for framtida. Planen bør sette av naudsynt areal til friluftsliv. For å verne store og samanhengande friluftsområde bør ein innføre ei grense som definerer langsiktig skilje mellom naturområde og utbygging. Dette er spesielt relevant i pressområde. I tillegg må planen sette føringar som gjer at område for nær-friluftsliv og samanhengande grønne korridorar og turveggar vert teke i vare også innanfor tettstaden og område som er lagt ut til utbygging.

#### **Samordna areal- og transportplanlegging**

Vi vil peike på Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) med retningslinjer for arealbruk som særleg relevant for planarbeidet.

Den regionale planen viser til at kommunane skal legge til rette for ein effektiv arealbruk i overordna kommuneplanar. Det betyr at det kommunale planarbeidet skal bidra til å redusere veksten i bilbruk og auke tal reiser med kollektivtransport, på sykkel og til fots. Fortetting og transformasjon av område i tettstadar står sentralt. Tilrådinga er at kommunen lagar fortettingsanalyser for nærings- og sentrumsområda. Dette er spesielt viktig fordi utbygging som tek i bruk ubebygde areal ofte vil kome i konflikt med nasjonale og regionale mål som omdisponering av dyrka mark, ivaretaking av biologisk mangfald og reduksjon av transportvekst. Sjå pkt 4.5.2. om ABC-kart for Bergensområdet.

Vi ser at planprogrammet for ein stor del har tatt opp i seg prinsippa som kan gje ei meir samordna areal- og transportplanlegging, men vi har nokre merknadar nedanfor.

Det er til temaet *Bustader og bumiljø* lagt til grunn mange gode intensjonar om kvalitetar ved større bustadområder. Kvalitetane omfattar mellom anna gang- og sykkeltilbod, trygg skuleveg og trafikktryggleik. Vi meiner desse kvalitetane og må stillast som krav ved fortetting i eksisterande bustadområde og ved utbygging av bustader i bygder og grender. Vi meiner det vidare planarbeidet bør synleggjere potensiale for fortetting av eksisterande bustadområde, og at det bør utarbeidast ein tydeleg strategi for dette, med tilhøyrande føresegner.

Vi meiner det er eit godt plangrep å definere senterområda, og vi føreset at Alver legg til rette for størst bustadvekst i dei definerte sentra, og at eit arealreikneskap synleggjer dette. Vi tilrår at det vert laga prinsipp for til dømes bustadtypologi og parkeringsdekning som differensierer krav til volum og dekningsgrad ut frå kor sentralt nye planar og tiltak kjem. Vi vil vurdere vidare innhaldet og avgrensing av lokale vekstsoner når dei vert nærare definert.

#### *LNF-spreidd bustad*

Vi meiner dette arealføremålet berre må nyttast i avgrensa omfang, og at det må leggjast til grunn strenge kvalitetskrav før ein opnar for nye områder med dette formålet. Krava kan vera mellom anna trygg skuleveg, fortau, kollektivdekning og avstand til kollektivhaldeplass. Det bør ikkje leggjast til rette for område og enkelttomter tett på fylkesveg. Ein bør lokalisere områda til der det allereie er ei viss utbygging slik at ein kan oppnå ein samla bruk til dømes av avkøyrslene. Der trafikktilhøva ikkje er tilfredsstillande bør det etter vårt syn ikkje opnast for ny arealbruk.

Vi meiner det vil vere eit uheldig plangrep å opne for å bygge på tidlegare frådelte tomter som ligg i LNF, slik kommunen vil vurdere gjennom planarbeidet. I eit overordna planarbeid er det vanskeleg å vurdere enkelttomter i forhold til tilkomst og byggegrense langs veg og eventuelt andre kvalitetskrav kommunen vil legge til grunn. Når det vert opna for å byggje på einskildtomter vil det skapa ein forventning om bygging, utan at dette lar seg gjennomføre i praksis. Skal ein opne for ein slik praksis må det vere tydlege retningslinjer og føresegnar som stiller relevante krav før utbygging kan skje.

### Samferdsel

Ved å leggje til rette for bustadetablering i sentrumsnære områder, vil ein redusere behovet for transport til/frå sentrum. Dette kan t.d. gjerast ved konsentrert utbygging og høgare utnytting i allereie utbygde områder. På denne måten vil det verte lettare å overføre lokal biltrafikk til sykkel eller gange.

Ved vurdering av bruk av LNF- spreidd busetnad er det viktig at det vert lagt til rette for trygge trafikale løysingar for avkøyrslar. Avkøyrslar skal vere i samsvar med gjeldande vegnormalar jf. handbok N100 «Veg og gateutforming». Det bør leggjast til grunn at ein nyttar eksisterande tilkomstlar, og at tal på avkøyrslar vert avgrensa. I samsvar med plan og bygningslova § 11- 10 nr. 4 kan kommunen innarbeide føresegnar om haldningsklassar for avkøyrslar. Statens vegvesen sin *2017 - 2020 Rammepplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesveg i region vest* kan vere til hjelp i dette arbeidet. Vi viser også til [fylkesatlas.no](http://fylkesatlas.no) det det er sett opp funksjonsklassar for vegnettet. Kommunen har også høve til å leggje inn byggjegrense mot offentleg veg i samsvar med plan og bygningslova § 11-9 nr. 5, og elles eventuelle aktuelle rekkefølgjekrav/andre krav knyt til veg/teknisk infrastruktur (pbl. §11 -9 nr. 3 og 4). Omsynssoner i samband med vegtrafikkstøy kan også leggjast inn på plankartet i samsvar med pbl. § 11-8.

Det er ressurskrevjande å etablere eit godt kollektivtilbod og trygge og effektive løysingar for mjuke trafikantar når busettingsmønsteret er spreidd framfor ein meir fortetta struktur. Spreidd busetting aukar og behovet for skoleskyss, og kan gjere kommunale tenester og beredskap meir krevjande å organisere. Det er positivt at planprogrammet legg vekt på mobilitet, og knyt dette til temaa folkehelse og klimareduksjon. Eit viktig prinsipp skal være å legge til rette for omsynet til gåande og syklande tidleg i planprosessen. Samstundes er bruk av personbil trekt fram som viktig løysing for mange. I denne samanheng saknar vi ein omtale av nullvekstmålet og Alver kommune sine forpliktingar som part i Miljøløftet. Byvekstavtalen forpliktar partane å følgje opp målet om at veksten i persontrafikken skal takast med kollektivtrafikk, sykling og gange. For å nå dette målet er arealbruk og tilrettelegging for bruk av miljøvenlege transportformer eit heilt sentralt verkemiddel. Alver kommune bør difor vere varsam med å opne for spreidd busetting i KPA. Vi registrerer at Alver kommune gjennom eit arealregnskap skal få betre oversikt over areal avsett til ulike byggeformål, og ut frå det vurdere tilbakeføring til LNF. Dette er positivt, og kan bidra til ein formålstenleg arealutvikling i kommunen.

### Senter- og tettstadsutvikling

Regional plan for attraktive senter i Hordaland skal skape/sikre attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport, og gir føringar for utvikling av stadane våre i Vestland. Planprogrammet skildrar at kommunen ønsker størst bustadvekst i dei definerte sentrumsområda, samt ivareta utvikling av bygdene og opne for meir spreidd bustadutvikling i heile kommunen. Det er forståeleg at areal-prioriteringar kan vere krevjande, men fylkeskommunen vil rå til å i størst mogleg grad legge til rette for utvikling nær eksisterande sentra og infrastruktur. Dette vil mellom anna vere positivt for å skape meir levande sentrumsområde og møteplassar, samt sikre kortast mogleg avstand til ulike tenester og aktivitetar.

Bustadområde bør lokaliserast innanfor gangavstand til sentrum, eller innanfor område som allereie er utbygd, utan å byggje ned grøntareal som er viktig for miljø eller folkehelse. Ein slik arealbruk er effektiv, bidreg til å verne arealressursar, og legg til rette for at innbyggjarane kan gå og sykle til sine daglege gjeremål. Ein bygger samtidig opp om grunnlaget for eit mangfaldig og godt tenestetilbod i sentrum. Eit godt-fungerande sentrum gjev rom for møteplassar, mjuke trafikantar, blå-grøne kvalitetar, bygg med aktive fasadar med aktivitet på bakkeplan, og gode opphaldsrom for menneske i ulike aldrar og funksjonsnivå.

Kontorarbeidsplassar og handel bør som hovudregel vere lokalisert til sentrum, og det er positivt at planprogrammet legg opp til dette. Det same bør tenesteyting og arbeidsplassar med mange tilsette. Sentrumsområde for regionsenter skal vera avgrensa i kommuneplanen, og det er positivt at

lokal- og nærsentre og får ei avgrensing, kommunisert som til dømes ei føresegnsoner i plankartet eller eigne temakart. Fylkeskommunen har støtta arbeidet med kunnskapsgrunnlag for utvikling av ein definert senterstruktur i kommunen, og Alver kommune har gjort eit grundig og godt arbeid, som kan leggast til grunn for arbeidet med plankartet.

#### *Stadanalyse som verktøy*

God stadutvikling fordrar forståing for menneskelege behov, omgjevnadene si påveringskraft og kva arkitekturen kan skape av meirverdi, for å kunne utløyse ein stad sitt potensial for kvalitet. For å sikre felles forståing av kva som er viktige kvalitetar i eit område som ein utviklar bør ta omsyn til i ein utviklingsprosess, rår vi til at det vert laga retningsliner eller krav om innleiande stadanalyse av planområdet og tilliggjande areal. Dette kan sikre ein tidleg og kunnskapsbasert diskusjon mellom tiltakshavar og kommune og føre til betre stadtilpassing av prosjektet. Vurderingane kan knyte seg til korleis eit prosjekt forhold seg til omgjevnadane, bygningstypologi, alternative vurderingar av utnyttingsgrad, byggjevolum og høgde. Innleiande stadanalyse kan ligge føre til oppstartsmøtet mellom forslagsstillar/utbyggjer og kommunen, og bidra til å både utdjupe og konkretisere det gjeldande kravet om *planinitiativ*. Kommunen kan og sjølv lage stadanalysane.

#### **Strandsone**

Strandsone skal ivaretakast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for ålmenta. Plan- og bygningslova (PBL) gjev føringar for strandsone, og desse er utdjupa i statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsone langs sjøen. Framtidig arealbruk i strandsone skal avklarast heilskapleg og langsiktig i kommuneplanen. Her må kommunen vurdere behovet for utvikling av eksisterande arealbruk og behovet for tilpassing av eventuell ny utbygging. Kommunane må vurdere om tidlegare vedtekne, ikkje utbygde område for utbygging i strandsone skal oppretthaldast eller takast ut av planen. For å fråvike 100-metersbeltet må kommunen setje byggjegranser mot sjø (PBL § 1-8 tredje ledd). Ved fastsetjing av byggjegrans i 100-metersbeltet langs sjøen må strandsone si tyding for landskap, natur og friluftsliv vere vurdert og dokumentert. Kartlegging av funksjonell strandsone er ein eigna metode for dette. Vestland fylkeskommune har fått utarbeidd rettleiar for planlegging i strandsone i samarbeid med Statsforvaltaren og kommunane. Rettleiaren gir gode råd om handtering og kartlegging av strandsone som er aktuell i arealdelen. [Strandsonerettleiar for Vestland](#)

Det er viktig at kommunen legg opp til ein god struktur av småbåthamner i planarbeidet. Småbåthamner bør lokaliserast til stader der utbygging kan skje utan store inngrep i landskapet eller i sjøen.

Planprogrammet løfter tilgang til strandsone som eit tema, og vil gjennomføre ein funksjonell strandsoneanalyse for å gjennomgå kva som er forholdet mellom sjø og land i kommunen. Det er eit positivt og viktig tiltak, sida analysen skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å identifisere mellom anna område som ikkje bør byggast ut og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting.

#### **Vassforvaltning**

Arealforvaltning gjennom kommuneplanen er eit viktig verktøy for å bidra til at miljømåla vert nådd. I planen bør sårbar vassførekomst og førekomst der miljømåla ikkje er nådd, omfattast av omsynssone med føresegner som bidreg til at førekomstane ikkje vert utsett for negativ innverknad og at miljømåla vert nådd.

For vatn sin del er FN sine mål om berekraftig utvikling nr. 6, 14 og 15 sentrale. Klimaendringar handlar mykje om vatn og fylkeskommunen vil løfta fram at god vassforvaltning der ein utnyttar naturbaserte løysingar, t.d. flaumdemping og overvasshandtering, ofte vil vere vinn-vinn løysingar for både klimatilpassing, vassmiljø og samfunnsøkonomi.

I kommuneplanens samfunnsdel går det fram at Alver kommune sikrar naturverdiar og naturmangfald, og fylkeskommunen tolkar målsetjinga til også å gjelde vassmiljø i kommunen. Vassforvaltning og vassmiljø er nemnd som tema i planprogrammet, og det står at ein vil ta omsyn til vassmiljø i planen slik at vatnet i kommunen oppnår god vasskvalitet, jf. vassforskrifta. For å klare dette skal kommunen vurdere om det er nødvendig å oppdatere verkemiddel i planen. Dette er ei god målsetting, men det er også viktig å planlegge med mål om å forhindre å forringe vassmiljøet.

Til orientering er [Regional plan](#) for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 vedteke i fylkestinget 21. mars 2022, og er forventa godkjent i Klima- og miljødepartementet i september 2022. Her bør kommunen merke seg kap. 1.1.3 *Retningslinjer for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta*. I vassdatabasen [vann-nett](#) finn dykk vurderingar om miljøtilstand, miljømål, tiltak, og påverknader som skal leggest til grunn i utarbeiding av arealformål, omsynssoner og føreseger. Dette gjeld særleg sårbare vassdrag og beskytta område etter vassforskrifta, men også alt anna vatn i kommunen.

### Næring

Vi meiner det er eit godt hovudprinsipp å vidareutvikle og fortette eksisterande næringsområde framfor å etablere nye næringsområde på ubyggd areal. Fylkeskommunen ønsker ikkje ny arealintensiv næring langs hovudvegnettet då dette på sikt vil bygge ned transportfunksjonen på vegnettet. Dette er for å sikre framkome og trafikkavvikling på hovudvegane, spesielt for fv. 57 og fv. 565, som i dag er viktig for industrien på Mongstad, og viktige omkøyringsvegar mellom anna når E39 er stengd. Difor meiner vi det er viktig at planlegging av nye næringsområde skjer i samråd med vegmyndigheiter.

Vi viser særleg til to desse hovudmåla frå samfunnsdelen til Alver; *Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender* og *Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge*. Desse to hovudmåla stør tydeleg opp om regionale føringar knytt til verdiskaping og regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Berekraftig verdiskaping, grøn omstilling, og areal til ny grøn næringsutvikling er gjennomgåande og viktige perspektiv i regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Etter det vi kjenner til jobbar kommunen allereie veldig godt og offensivt knytt til målsettingane om grøn omstilling/grøn vekst. I arbeid med næringsutvikling er det nyttig å samarbeide på tvers av kommunegrensene, og det er difor veldig positivt at Alver jobbar med en interkommunal plan for sjøareal.

For utvikling av næringsverksemd, vil vi peike på at det kan vere eit potensiale knytt til reiseliv. Det ligger mykje potensiale i regionen der ein kan leggje betre til rette for unike opplevingar til betalingsviljuge besøkande. Til orientering jobbast det med temaplan for reiseliv i Vestland i haust, og vi ber om at de følgjer med på føringane frå denne.

Fylkeskommunen ønsker ikkje ny arealintensiv næring langs hovudvegnettet då dette på sikt vil bygge ned transportfunksjonen på vegnettet. Dette er for å sikre framkome og trafikkavvikling på hovudvegane, spesielt for fv. 57 og fv. 565, som i dag er viktig for industrien på Mongstad, og viktige omkøyringsvegar mellom anna når E39 er stengd. Difor meiner vi det er viktig at planlegging av nye næringsområde skjer i samråd med vegmyndigheiter.

### Sjøareal og akvakultur

Areal i sjø er prega av mange og ofte motstridande interesser, og det er difor viktig at arealdelen vert nytta til å avklare langsiktig arealbruk også i sjø.

I planforum 23.08.22 kom det ikkje tydeleg fram kva arealbruk kommunen såg for seg i sjøen. Bruk av sjøareala vil få konsekvensar for bruk av tilgrensande landområde. Vi kan sjå for oss at for eksempel industriområde ved sjø og småbåthamner i sjø må ha tilkomst frå overordna vegnett. Kommunen skriv at naustområde og småbåthamner skal oppfylle krav som gjeld tilkomst, parkering, og tilhøve for gåande og syklande. Dette meiner vi er ei positivt, og at forholdet mellom land og sjø må implementerast på ein føremålstenleg og føreseieleg måte som vert gjort tydeleg gjennom planarbeidet.

Fylkeskommunen har utført ei kartanalyse som har til hensikt å synleggjere eit mangfald av ulike interesser og moglege konfliktområde i sjø. Analysen er meint som ei hjelp for kommunane for å identifisere moglege konfliktpotensial knytt til akvakultur. Analysen dekkjer førebels tidlegare Sogn og Fjordane og er tilgjengeleg på [www.fylkesatlas.no/marinplan](http://www.fylkesatlas.no/marinplan). Vi presiserer at kartet må tolkast som

eit utgangspunkt for vidare vurderingar i kommunen, og ikkje som ei ferdig vurdering. Ta gjerne kontakt med oss om de ynskjer meir informasjon om dette arbeidet.

## Kulturminne og kulturmiljø

Det er eit stort ansvar som er pålagt kommunane med å ivareta og legge til rette for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i areal- og samfunnsplanlegginga. Kommunen har ansvar for å ta vare på eit representativt utval av kulturarven frå ulike epokar, sosiale lag, næringar og av variert byggeskikk og arkitektur. Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Det er viktig at planarbeidet tek opp i seg ny politikk for kulturmiljøforvaltninga og nye nasjonale mål, slik dei mellom anna går fram av St.meld. 16 *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*. Omgrepet kulturmiljø er innført som eit samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Dette for å understreke heilskap og samanheng og tydeleggjere kulturmiljøfeltet som ein viktig del av klima- og miljøpolitikken, og der kulturmiljøet bidreg til å fremje ei positiv og berekraftig samfunnsutvikling.

Vi viser også til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing der det blir understrekt at kommunale planar bør vurdere korleis mellom anna kulturmiljø blir påverka og korleis dette kan følgast opp. Det blir i planretningslinjene presisert at kulturmiljøforvaltninga - på alle nivå - må skaffe ei oversikt over særleg klimautsette kulturminne og kulturmiljø. I Riksantikvaren sin klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021-2030 blir det påpeikt at både tiltak for reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til eit klima i endring vil vere viktig for å møte utfordringane vi står ovanfor. Riksantikvaren peiker på at kulturmiljøforvaltninga er ein del av løysinga.

Berekraftig utvikling er eit viktig tema som også blir vektlagt gjennom *Riksantikvaren sine anbefalingar for by- og stedsutvikling*. Koplinga mellom staden og landskapet rundt er heilt sentral her, då til dømes når det gjeld tilhøvet mellom bevaringsverdig bygningsmasse og utvikling av sentrumsområde. Planen må sikre at opplevinga av det einskilde kulturminnet og det samla kulturmiljøet vert teken vare på og styrka slik at særpreget og identiteten til staden blir ivareteke.

Alver kommune er ein landbruks- og kystkommune med kulturlandskap og kulturminne som skriv seg frå gards- og sjøbruk. Vi vil også nemne kulturminne knytt til nyare industri, offentlege helseinstitusjonar, krigsminne, vegfar, organisasjonsliv og kyrkje og kyrkjestadar. I planområdet ligg Den Indre Farleia (Askeladden-ID K416), som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse og med høg regional verdi. Vi vil presisere at det også er andre kulturmiljøverdiar av regional interesse i Alver kommune.

Dei viktigaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiar er auka utbyggingspress og manglande bruk av bygningsmiljø, ofte som følgje av nedleggingar i tradisjonelle, arealkrevjande næringar som industri og gardsdrift. Alver kommune bør legge til rette for at eigarar av kulturminne under press har gode føresetnader for bevaring av desse. Bygningar og anlegg ved ytterkysten er også ekstra vêrutsette og blir i stadig større grad utsett for dei pågåande klimaendringane – noko som igjen fører til eit større behov for ekstra vedlikehald. For at eigarar av ikkje freda kulturminne skal få lettare tilgang til finansielle støtteordningar som til dømes Kulturminnefondet, er det viktig at kommunen prioriterer og synleggjer desse i planar og prioriterer arbeidet med ein ny kulturmiljøplan.

### Planprogram og ny KPA for Alver kommune

Det er bestemt at ein skal utarbeide ny kulturmiljøplan, med kartlegging av verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Vi er kjent med at dette arbeidet er påbyrja. Det er positivt, men vi vil presisere at kunnskapsgrunnlaget som kjem fram av eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt og inkorporert i den nye kommuneplanen sin arealdel før den kjem på høyring. For å gjere nytte av kulturmiljøplanen og andre planer som omhandlar kulturminne og kulturmiljø, er det viktig at oversyn over kulturminne og



kulturmiljø blir kartfesta og ein intrigert del av kommunen sitt arbeid med arealplanlegging.

Alver kommune må nytte omsynssoner og ha fokus på gode føresegner og retningslinjer for kulturminne og kulturmiljø. Eksisterande kulturminne og kulturmiljø som er vist med omsynssone og føresegner/retningslinjer i gjeldande planverk, må som eit minimum ligge til grunn og vidareførast for ny KPA i Alver kommune. Men ein må ta utgangspunkt i oppdatert kunnskap. Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune har gode rettleiarar på dette området.

Temaet kulturminne og kulturmiljø bør kome tydelegare fram i planprogrammet. I kapittel 4 *Tema og problemstillingar* står det ikkje mange linjene om kulturarv, trass i at ein finn fleire tema i kapittelet kor kulturmiljøet vil vere ein ressurs; samfunnsutvikling, reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen. Ved utbygging av nye, større bustadområde i Alver kommune er det lista opp kvalitetskrav som skal vere oppfylt. Ingen av desse viser til inkorporering/ivaretaking av kulturlandskapstrekk og/eller fysiske kulturminne. Vi saknar og at kulturmiljø vert nemnt i kapittel 3 – *Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender*.

I planprogrammet blir det vist til at ein skal vurdere ny bruk under gamle tak: "*gammal bygningsmasse på kaiar og andre tidlegare møteplassar, gamle sjøbuer, løer og uthus; leggje til rette for gjenbruk og ombygging av våningshus*." Det er svært positivt at ein ynskjer å tilrettelegge for gjenbruk, ny bruk og transformasjon av eksisterande bygg både i eit klima- og verneperspektiv. Ei slik tilnærming bør også tilstrebast når det gjeld annan bygningsmasse enn den Alver kommune viser til. Vi vil til dømes nemne gamle organisasjonsbygg, skulebygg, industribygg og institusjonsbygg som til dømes Lindåstunet. Men det er då viktig at ein respekterer tolegrensa og endringskapasiteten til bygg som har verneverdi.

#### Innspel til konsekvensutgreiing

Kulturminne og kulturmiljø skal handsamast i konsekvensutgreiinga, og kjeldene som blir lagt til grunn er Askeladden, Sefrak og omsynssoner for kulturmiljø. Det er naudsynt å gjere ei meir grundig utgreiing enn det som blir skissert her, mellom anna på bakgrunn av at Sefrak-registreringane på langt nær er dekkjande. Det er også viktig at Alver kommune har ein god medverknadsprosess, der ein nyttar seg av kunnskapen som finst i kommunen om kulturminne og kulturmiljø. I ei konsekvensutgreiing må kulturminne og kulturmiljø skildrast, og konfliktgraden mellom utbygging/tiltak på land avklarast.

Eksisterande rettleiar når det gjeld KU og kulturmiljø er mellom anna desse:

[Rettleiar frå Riksantikvaren](#) og [Konsekvensutredningar for klima og miljø - Miljødirektoratet](#)

Det er særers positivt at eit hovudtema i planarbeidet er ferdigstilling av ny kulturmiljøplan med kartlegging av verdfulle kulturminne og kulturmiljø. Vi har lenge oppmoda om at kulturminne og kulturmiljø i Alver kommune blir registrert og verdivurdert i ein kulturmiljøplan. Det eksisterande grunnlaget er sprikande. Gamle Radøy kommune har ein kulturmiljøplan der det er gjort grundige vurderingar mellom anna når det gjeld verneverdi. Gamle Lindås kommune har ein kulturmiljøplan der ein i hovudsak har lista opp dei mest kjente kulturminna og kulturmiljøa utan å ha gjort nærmare vurderingar av verneverdi. For gamle Meland kommune er det ikkje utarbeidd kulturmiljøplan, men vi kjenner til at det allereie er gjort eit stykke arbeid med registrering av kulturminne.

Vestland fylkeskommune ber om at ein prioriterer å bruke tilstrekkeleg med ressursar til arbeidet med ein kulturmiljøplan. Vi vil understreke at kulturmiljøplanen bør ferdigstillast før KPA, då den legg viktige premissar for arealbruk.

I områder med arealføremål anna enn LNF, som til dømes byggeføremål og næring, må konsekvensutgreiinga også gjere ei vurdering av moglegheitene for eventuelle uregistrerte automatisk freda kulturminne. Det er vidare ei stor føremon at planproduktet, særleg arealplankartet, føresegner og retningslinjer er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene i kommunen. Bygeområde på land og i sjø, og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med kjente freda kulturminne, eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi.

Ved offentlig ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt eller regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

#### Generelle føresegner

Som eit av dei grunnleggjande premissa for arealplanlegginga i kommunen, må dei juridisk bindande føresegnene sikre at freda og verneverdige kulturminne ikkje blir utsett for skadelege tiltak eller utilbørleg skjemming. Generelle føresegner som omhandlar arkitektonisk utforming, estetikk og liknande tema, som har stor innverknad på eksisterande kulturminne og kulturmiljø, må også inkorporerast i planen. Ut frå vår erfaring er det mest ryddig å klargjere dette i dei generelle føresegnene til kommuneplanen, uavhengig av arealføremål, ved å inkludere følgjande tekst vist i kulepunktta under:

Knytt til pbl. § 11-9, 6. om «miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- «Tiltak som vedkjem kulturminne eller omgjevnadane til kulturminne, må i størst mogleg grad få ei estetisk utforming som varetek omsynet til kulturminnet. Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i høve til funksjon og i høve til plassering i relasjon til kulturmiljø og naturlege omgjevnadar».

Knytt til pbl. § 11-9, 7. om «hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø», legg ein følgjande tekst inn som generell føresegn:

- «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast, og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
- «Verneverdige einskildbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

Vestland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne på land og i sjø er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Vestland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I byggjeområde på land og i sjø skal undersøkningsplikta etter § 9 i kulturminnelova oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Der det ikkje ligg føre plankrav, skal tiltak avklarast med regional kulturminnemynde før vedtak blir fatta».
- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I LNF-område der spreidd utbygging er tillate, skal tiltak avklarast med regional kulturminnemynde før vedtak blir fatta».

For å sikre handhevinga av undersøkningsplikta bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring vere:

- «Alle tiltak i ubebygda areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»

Når det gjeld LNF-områder, vil byggje- og anleggsverksemd vere i samsvar med arealføremålet i kommuneplanen når dei er knytt til stadbunden næring/landbruk (jf. garden som resurs). Fleire slike tiltak kan vere unnateke søknadsplikt, men er likevel regulert av særlover som mellom anna kulturminnelova.

- «Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. Tiltak i LNF-område som kan vere egna til å skade automatisk freda kulturminne i strid med § 3 i kulturminnelova må avklarast med regional kulturminnemynde».

#### Omsynssoner

Kulturminne og kulturmiljø skal sikrast vern for framtida ved hjelp av omsynssoner i plankart, og med føresegner og retningslinjer. Det er viktig å sørge for at desse er detaljerte nok til faktisk å

ivareta verneinteressene. Der det er aktuelt må føresegner for utnyttingsgrad, utforming og høgde sikre området sin karakter og kulturmiljøet. Det er òg viktig at eksisterande omsynssoner i gjeldande reguleringsplanar vert vidareført i denne planen.

Automatisk freda kulturminne, inkludert 5 meters sikringszone rundt dei, skal markerast i plankartet som omsynssone d, SOSI-kode H730, jf. plan og bygningslova § 11-8. Det overordna målet med omsynssone c er å ta vare på kulturminnet i det landskapet det ligg i. Omsynssona skal kombinerast med andre arealføremål som ikkje er i konflikt med vern, slik som grønstruktur og LNF.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande: Omsynssone d (SOSI-kode H730):

- *«Arealet er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setja i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminna, eller framkalle fare for at det kan skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Vestland fylkeskommune.»*

Retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke, som bør inn i planen, er følgjande:

Omsynssone c (SOSI-kode H570):

*«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor omsynssone kulturmiljø, skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på, og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser.»*

Når det gjeld kyrkjegardar og kyrkjestadar frå mellomalder skal desse visast med omsynssone (d) i plankartet, med tilhøyrande føresegn:

Omsynssone d (SOSI-kode H730)

- *«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova*

Kyrkjer som er bygde mellom 1650 og 1850 er av Riksantikvaren listeført som verneverdige kulturminne av nasjonal verdi. Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er også listeført. Vi vil presisere at kyrkjer som ikkje er listeførte også kan ha verneverdi. Vi viser til kyrkjerundskriv Q06 av 2020.

Når det gjeld listeførte kyrkjer skal desse visast med omsynssone, c (SOSI-kode H570)

- *“I omsynssone c er det ei listeført kyrkje. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal leggjast fram for regional kulturminnemynde for vurdering av verknad på kyrkja og kyrkja sine omgjevnader. Nye tiltak i nærføring til kyrkja skal ikkje få negativ konsekvensar for det nasjonalt viktige kulturmiljøet.”*

Manglande eller upresise føresegner og omsynssoner som medfører at kommuneplanen ikkje tek vare på viktige kulturminneinteresser, eller tek høgde for undersøkingsplikta (jf. kulturminnelova § 9), vil vere grunnlag for motsegn frå Vestland fylkeskommune som kulturminnemynde.

Marine kulturminne

Vestland fylkeskommune har motteke uttale frå Bergen sjøfartsmuseum, og vi legger ved fråsegna.

[Meir informasjon](#)

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [her...](#)

### Oppsummering

Vestland fylkeskommune er positiv til at kommunen har satt i gang arbeidet med å erstatte dei seks gjeldande kommuneplanane og utarbeide ein samla plan for heile kommunen. Vi vurderer at det er mykje godt grunnlag for vidare arbeid med planprogram og dei ulike arealføremåla i arealdelen.

Planprogrammet har tydelege prinsipp knytt til arealforvaltning, som enkeltforslag kan vert målt opp mot. Prinsippa vil kunne bidra til balansert vurdering og vektning av dei ulike formåla/tiltaka som skal behandlast i prosessen. Kommunen har i mindre grad omtalt klimautfordringa eller tilpassing som følge av klimaendringar som tema, legg likevel opp til ein del gode prinsipp som vil vere viktige i for å møte desse utfordringane framover.

Fortetting og transformasjon av område i byar og stadar står sentralt i ei samordna areal- og transportplanlegging. Vi meiner det er eit godt plangrep å definere senterområda, og vi føreset at Alver legg til rette for størst bustadvekst i dei definerte sentra. Vi meiner potensiale for fortetting innan eksisterande bustadområde bør synleggjerast, og rår til at det vert utarbeidd ein tydeleg strategi for fortetting av med tilhøyrande føresegner. Ein bør unngå utbygging i områder som ikkje har tilfredsstillande forhold til vegnettet mellom anna for å unngår fordyrande rekkefølgjekrav som kan setje utbygging på vent. Fylkeskommunen rår til at kommunen lagar fortettingsanalysar for sine sentrumsområde. Vidare vil vi oppmode kommunen til å etablere nokre prinsipp for klimatilpassing som bør ligge til grunn for reguleringsplanar i kommunen. Eit kvalitetskrav som vi vil vurdere nye arealføremål ut i frå, er forholdet til eksisterande infrastruktur, framkome på overordna vegnett, trafikktryggleik for alle trafikantgrupper med særleg fokus på trygg skuleveg og mjuke trafikantar.

Vi saknar omtale av kva betydning status som Biosfæreområde vil kunne få for arealforvaltninga innanfor området. Vi rår og om at kommunen prioriterer arbeidet med ein kulturmiljøplan, og at denne bør ferdigstillast før KPA vert vedtatt.

Vi ønsker lukke til med arbeidet, og står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

**Liz Eva Tøllefsen**  
seniorrådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse  
Ragnhild Berge Feidje, seksjon for plan, klima og folkehelse  
Elisabeth Lofthus -Lie, seksjon for plan, klima og folkehelse  
Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur  
Gunhild Raddum, seksjon for mobilitet  
Berit Vik, seksjon for kulturarv  
Sigrun Wølstad, seksjon for kulturarv  
Kari Bjørndal, seksjon for vassforvaltning  
Endre Korsøen, seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv  
Grete Kathrine Jacobsen, seksjon for verdiskaping i byregionar

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

Vedlegg

- 1 Fråsegn til offentleg ettersyn av planprogrammet til kommuneplanens arealdel - Alver kommune

